

AFTANSONG

Denne ordninga kan nyttast både på kvardagar og på sundagar. Ho kan og nyttast som forordna aftansong.

Sjå elles dei innleiande rubrikkana for morgonsong.

Bibeltekstane i denne ordninga er henta frå Bibel 2024 og Fadervår frå 2011.

1 | Innleiing

Anten **A**

L | I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

K | **Amen.**

Eller **B**

L | Gud, kom og berg meg.

K | **Herre, skund deg og frels meg.**

L | Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande,

K | **som det var i opphavet, så no og alltid
og i all æve. Amen. Halleluja.**

2 | Kveldssalme

Eller ein salme som svarar til den karakteren dagen eller kyrkjeårstida har.

3 | Bibelske salmar

Her følger ein, to eller tre bibelske salmar. Ein av dei kan vera henta frå lovsongane i Det nye testamentet.

4 | Tekstlesing

Tekstlesinga tek til med

Det står skrive ...

Tekstlesinga sluttar med

Slik lyder Herrens ord.

Her kan koma ein svarsalme, sjå Norsk Salmebok 933ff.

Etter tekstlesinga og ein eventuell svarsalme kan det vera stilt.

Deretter kan kyrkjelyden og liturgen seia fram eller syngja den apostoliske eller nikenske truvedkjenninga, sjå side 38 og 42 og Norsk Salmebok 944 og 945.

Her følger eventuelt

5 | Preike eller tekstmeditas-on

6 | Marias lovsong MAGNIFICAT

L | Mi sjel høglovar Herren,
og mi ånd frydar seg i Gud, min frelsar.

**K | For han har sett til si ringe tenestkvinne.
Frå no av skal alle ættar prisa meg sæl,**

L | for store ting har han gjort mot meg, han, den mektige;
heilagt er hans namn.

**K | Hans miskunn varer frå ætt til ætt
for dei som har age for han.**

L | Storverk gjorde han med sin sterke arm;
han spreidde dei som bar på hovmodstankar,

**K | og støyte stormenn ned frå trona,
men lyfte dei låge opp.**

L | Han metta dei svoltne med gode gåver,
men sende dei rike tomhendte bort.

**K | Han tok seg av Israel, tenaren sin,
så han kom i hug sin lovnad til fedrane våre**

L | og synte miskunn mot Abraham og hans ætt
– til evig tid. **LUK 1,46-55**

**A | Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande,
som det var i opphavet, så no og alltid
og i all æve. Amen.**

7 | Bøn

Anten **A**

L | Lat oss alle be.

Kollektbøn

K | Amen.

Eller **B**

L | Lat oss be.

Herre Gud, himmelske Far. Vi takkar deg fordi du av din store nåde og miskunn har gjeve oss ditt heilage ord, og med det samlar di kristne kyrkje her hjå oss òg. Vi bed deg: Gjev oss din Heilage Ande, så vi med takksame hjarto må ta ordet ditt til oss og

skikka oss etter det, og alltid veksa i kristeleg tru, von og kjærleik, og så verta evig sæle ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg og Den Heilage Ande lever og råder, ein sann Gud frå æve og til æve.

K | Amen.

Eller **C**

L | Lat oss be.

Herre, vår Gud og Far, vi takkar deg for at du har skapt ljo- set og dagen. Vi bed deg: Ver hjå oss når dagen kverv, vara oss i mørkret og verna oss mot den vonde fienden. Lat oss her på jorda bu i livd av di miskunn og ein gong på den siste dagen gå inn til den evige kvile og fred. Ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre.

K | Amen.

Eller **D**

L | Lat oss be.

Ei av forbønene frå ordninga Høgmesse

Deretter kan ein halda fram såleis:

L | Lat oss framleis be, høgt eller stilt.

Den som bed høgt, slultar med
Gud, vi bed deg.

K syng | Herre, høyr vår bøn.

8 | Herrens bøn

A seier eller syng | Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt, og makta og æra i all æve.

Amen

Ein kan og nytta [Fadervår frå 1985](#) eller [Fadervår frå 1938](#)

9 | Slutningssalme

10 | Avslutning

Anten **A**

L vend mot kyrkjelyden | Lat oss prisa Herren.

K kyrkjelyden reiser seg | **Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.**

Eller **B**

L vend mot kyrkjelyden | Herren vere med dykk.

K kyrkjelyden reiser seg | **Og med deg vere Herren.**

L | Vår Herre Jesu Kristi nåde,
Guds kjærleik og Den Heilage Andens samfunn
vere med dykk (oss) alle.

K | **Amen.**

Her kan følgja

Postludium